



Nærøyfjorden  
verneområdestyre

## Møteinkalling

---

**Utval:** **Nærøyfjorden verneområdestyre**

**Møtestad:** Digitalt møte

**Dato:** 22.08.2023

**Tidspunkt:** 15:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Møtet vert gjennomført digitalt som teams-møte.



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 27/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 28/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 29/23	Nærøyfjorden landskapsvernombord, Bleia- Storebotnen landskapsvernombord, Nordheimsdalen naturreservat - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt		2023/12691
ST 30/23	Retting - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Vassetstølen - Nedbergo - istandsetting av stølshus - 55/1		2021/2525

**ST 27/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
ST 28/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2023/12691-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 18.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	29/23	22.08.2023

## **Nærøyfjorden landskapsvernombord, Bleia-Storebotnen landskapsvernombord, Nordheimsdalen naturreservat - motorferdsel - uttransport av felt hjortevilt**

### **Innstilling frå forvaltar**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev løyve til uttransport med helikopter av felt hjortevilt som er felt i hjortevitvalda i Aurland kommune i Nærøyfjorden landskapsvernombord, Bleia-Storebotnen landskapsvernombord og Nordheimsdalen naturreservat. Løyvet gjeld ikkje hjortevalda Dyrdal, Bakka/Tufte vest, Gudvangen, Hylland, Hemre og Styvi.

Løyve gjeld landingar og lågtflyging for inntil 6 dagar i perioden frå og med 1. september til og med 15. november 2023. Løyvet gjeld med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ, og verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat punkt V nr. 1.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det skal leggjast til grunn ein restriktiv bruk av helikopter frå jegrane si side, det vil sei at omfanget av kjøt som skal transporterast med helikopter må vera større enn det ein kan forventa at jegerane kan bera ut av området.
- Det er ikkje tillate med frakt av jegerar og anna persontransport ut og inn av området.
- Transport skal meldast til SNO (tlf. 97097720) dagen før transporten skal gjennomførast. Transport av felt hjortevilt innanfor Raudafjell villreinområde skal føregå på ein slik måte at den ikkje uroar villreinen. Dersom det er kjennskap til at villreinen er i området der det er planlagt landing eller lågtflyging, kan SNO be om at transporten vert utsett.
- Alt hjortevilt som er felt og treng uttransport med helikopter same dagen, skal ha felles uttransport.
- Køyrebok skal fyllast ut før transporten tek til, og skal vera med under transport.
- Rapport frå transport skal sendast til Nærøyfjorden verneområdestyre innan 10.12.2023, og innehalda informasjon om dato for transport, tal landingar og transportruta.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskriftene, og ikkje lov om motorferdsel. Det må sendast eigen søknad til Aurland kommune for landing med helikopter.



## Saksopplysningar

- Søknad om lågtflyging og landing i verneområde kring Nærøyfjorden, Aurlandsfjorden og Flåmsdalen – *Aurland hjorteutval*, 16.08.2023
- Helikoptertransport av hjort-/elgslakt i Aurland, *Aurland kommune*, 14.08.2023

## Søknaden

Aurland hjorteutval søker om lågtflyging og landing i verneområda kring Nærøyfjorden, Aurlandsfjorden og Flåmsdalen. Dei søker om 6 turar i perioden frå 1. september til 15. november 2023. I utgangspunktet er det planlagt utflyging på søndagar etter kl. 15. Det er ikkje mogleg å stadfesta kvar henting av slakt skal føregå, så hjorteutvalet har organisert transporten slik at valda gjev melding til helikopterselskapet kvar slaktet skal hentast på den avtalte dagen.

Søknaden gjeld berre medlemer i Aurland bestandsplanområde, og for område som er innanfor verneområda. Hjortevald om ikkje er medlemer i bestandsplanområde, og som ikkje er omfatta av denne søknaden er hjortevalda Dyrdal, Bakka/Tufte vest, Gudvangen, Hylland, Hemre og Styvi.

Søknad frå Aurland hjorteutval vart sendt til Nærøyfjorden verneområdestyret etter Aurland kommune stilte spørsmål om hjorteutvalet kunne hjelpe med å forenkle og samordna utflyginga av felt elg og hjort under jakta i 2023. Denne søknaden vart sendt til verneområdestyret etter verneområdestyret har mottatt søknad frå tre hjortevald og nokre jegerar.

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombordet av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

## Lovgrunnlaget

### Nærøyfjorden landskapsvernombordet

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Landing med helikopter i samband med utfraktning av jaktutbytte er det ikkje opning for i dei spesielle dispensasjonsreglane i verneforskrifta.

### Bleia-Storebotnen landskapsvernombordet

Føremålet i Bleia-Storebotnen landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Bleia-Storebotnen landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjer breisen si forming av det gamle*



*slettelandet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 pkt. 5.1. Landing med helikopter i samband med utfraiking av jaktutbytte er det ikkje opning for i dei spesielle dispensasjonsreglane i verneforskrifta.

#### Norheimsdalen naturreservat

Føremålet i Nordheimsdalen naturreservat er definert i verneforskrifta punkt III: «*Føremålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer eit intakt nedbørssfelt med ein skoggradient får føre til fjell, og som har eit uvanleg stort mangfold av ulike furuskogtypar som høyrer heime i dei indre fjordstroka, til dels med eit urskogpreg som truleg er det sterkeste ein finn på Vestlandet».*

Motorferdsel på land og vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy jf. verneforskrifta punkt IV. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til naudsynt motorferdsel i samband med jakt på hjortevilt og rype jf verneforskrifta punkt V.

#### Naturmangfaldlova

Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

Jakt er definert som ein aktivitet innan friluftsliv, og det vil vera høg terskel for å gje løyve til bruk av helikopter i samband med uttak av jaktutbytte, jf. forvaltningsplan for Nærøyfjorden. I område som vert vurdert som ekstremt bratt og med vanskeleg terrenget, kan det vurderast å gje løyve til bruk av helikopter (forvaltningsplan s. 57). Nærøyfjorden verneområdestyre har gitt løyve til helikoptertransport for utfraikt av storviltkjøt frå hjortevalda Flenjane, Frondalen/Brekke, Horten og Stølshaug i tidlegare saker. Det har vore gitt løyve for fleire år.

Etter utbrotet av skrantesjuke i Nordfjella villreinområde sone 1 i 2017, har Miljødirektoratet v/SNO hatt tilbod om gratis uttransport av hjorteviltkjøt for å få felt meir hjortevilt kring Nordfjella. Dette har vore eit tiltak for å halda låge bestandar av hjort og elg for å redusera faren for spreiling av skratesjuke, spesielt i områda rundt Nordfjella sone 1. I tillegg meiner Miljødirektoratet at det er viktig å få ned talet på hjort og elg som oppheld seg høgt i terrenget, og har overlappande arealbruk med villrein i sone 1. Dette er område innanfor Bleia-Storebotnen landskapsvernombanen, Nordheimsdalen naturreservat, og område i Nærøyfjorden landskapsvernombanen på austsida av Aurlandsfjorden. Jakt i desse høgareliggjande områda er krevjande ved at terrenget er vanskeleg tilgjengeleg, og det er utfordrande å frakta ut slakt. Miljødirektoratet avslutta ordninga med gratis utflyging frå og



## Nærøyfjorden verneområdestyre

---

med jakta 2023. Dei vurderer utflyginga til å ha ein høgare kostnad enn nytteverdien med å redusera bestandane av hjort og elg, og i form av forstyrringar med motorisert ferdsel.


Nærøyfjorden verneområdestyre har no fått søknad Aurland hjorteutval. Denne søknaden gjeld dei fleste hjortevalda i Aurland kommune, og elgvaldet som omfattar heile Aurland kommune. Det er i tillegg kome søknad frå to hjortevald og nokre enkelt jegerar om uttransport av felt hjortevilt med helikopter. På spørsmål frå verneområdeforvaltinga til Aurland kommune om trangen for motorisert ferdsel for uttransport av felt hjortevilt, skriv Aurland kommune at dei er bedne om å leggja til rette for høg felling og låg bestandstettleik som eit førebyggjande tiltak mot spreiing av skrantesjuke. Dette gjeld så lenge kommunane kring Nordfjella villreinområde er i ein brakkleggingsperioden der innføring av villrein i sone 2 vert vurdert. Aurland kommune og Aurland hjorteutval meiner utflyging av slakt gav høgare fellingstal generelt, og i høgfjellet spesielt. Kommunal viltforvaltning rår på denne bakgrunn til at ordninga med utflyging bør halda fram til brakkleggingsperioden er over. Brakkleggingsperioden er over når villrein vert retablert i Nordfjella sone 1. Forvaltar rår difor til at alle søknader om motorisert uttransport av felt vilt vert handsama samla for kvart år i brakkleggingsperioden.

Med bakgrunn i forvaltningsplan og tidlegare saker, vurderer forvaltar det er heimel for å vurdera desse søknadane etter naturmangfaldslova § 48 første ledd og første alternativ. Det betyr at tiltaket ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje påverka verneverdiane nemneverdig.

Kunnskapen om området er dokumentert gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, forarbeidet til verneforskriftene og tidlegare erfaring med helikoptertransport i området. Hjortevalda har jakttereng som går inn i villreinområde. Etter uttaket av villrein i Nordfjella villreinområde sone 1, er det berre i Raudafjell villreinområde det er villrein no. Villrein er ein sårbar og trua art (Naturbase 15.08.2023). Låtflyging og landing med helikopter vil kunne uroa villreinen. Transporten føregår på hausten, og er utanfor den mest sårbare hekke- og kalvingstida. Det kan og vera andre artar som vert uroa av helikoptertransporten, og transporten bør avgrensast mest mogleg. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for å vurdera denne saka. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt vekt ved at det vert sett vilkår om å ikkje fly dersom villrein er i området der det skal vera landing.



## Nærøyfjorden verneområdestyre



**Figur 1 Kartet viser verneområda og villreinområda der det er storviltjakt. Kopi fra fylkesatlas**

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. Det er aktivitet med motorisert ferdsl i desse fjellområdet i samband med forsking og forvaltning av villreinen, og transport i samband med tiltak for å unngå smitte av skrantesjuke. I Bleia-Storebotnen er det i tillegg stor aktivitet med helikopterflyging i samband med bygging av ny kraftleidning gjennom området. Det er vanskeleg å sei kva tid den samla belastninga er for stor i området, men det er viktig at det ikkje vert meir motorisert ferdsel enn det som er strengt naudsnyt. Både villreinutvalet for Raudafjell, og villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, har uttalt at villreinen i Raudafjell har vorte negativt påverka av den høge aktiviteten med helikopter som har vore siste åra. Villreinnemnda seier vidare at villreinen ikkje skal uroast unødig, og at det bør vera ein høg terskel for å gje løyve til helikopterflyging etter villreinen er reetablert i Nordfjella villreinområde sone 1.

Tiltaka med å redusera bestandane av hjort og elg er knytt til brakkleggingsperioden i Nordfjellaområdet, og vil såleis vera i ein avgrensa periode. Forvaltar meiner bruk av helikopter for uttransport av storviltkjøt for nokre år er innanfor det ein kan rekna som akseptabelt når transporten vert avgrensa til det som er strengt naudsnyt. I Aurland kommune er det mange små vald, og mange jegerar som jaktar. For å avgrensa helikopterflyginga bør transporten vera felles både innanfor eit vald, og for nabovalda. I fjellområda der det er villrein, bør transporten samordnast innafor villreinområdet for å gje færrest mogleg flygeturar, og færrest dagar med transport. For å nå måla om auka felling av



hjort og elg i høgare liggande område og område kring Nordfjella villreinområde, bør det leggjast til rette for fleire flygingar på same dag. Søknaden om felles uttransport for fleire hjortevald gjev betre oversikt over transporten, og vil såleis kunne redusera belastninga med motorisert ferdsel i verneområda. Forvaltar rår til at all transport i samband utflyging av hjortevilt vert samordna i felles uttransporten i brakkleggingsperioden.

I forarbeidet til verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombanen, er forbod mot motorferdsel omtalt. Det er særleg av omsyn til rovfuglar og anna vilt det er sett forbod om lågtflyging. I tillegg er det lagt vekt på at det skal vera minst mogleg støy av omsyn til friluftslivet. I Nordheimsdalen er det ikkje forbod mot lågtflyging, og det er opning for å søkja om uttransport av felt hjortevilt. Eit avgrensa tal landingar for uttransport av felt hjortevilt vil i liten grad påverka verneverdiane i naturreservatet, der føremålet med vernet er skogområde med plante- og dyreliv.

Det er lite ferdsel i fjellområdet der det er bruk for uttransport av felt hjortevilt, og det vil difor i liten grad uroa turgåarar. Forvaltar vurderer den samla belastninga av motorferdsle til å vera på eit akseptabelt nivå ved at transporten vert samordna i felles uttransport. Ved å avgrensa transporten til nokre dagar i samband med brakkleggingsperioden, vurderer forvaltar at denne transporten ikkje vil skapa presedens for seinare søknader om uttransport av felt hjortevilt. Motorferdselen er på denne bakgrunn vurdert til ikkje vil vera i strid med verneføremåla i verneområda der transporten skal føregå.

Helikoptertransporten vil ikkje medføra særleg miljøforringingar, og er difor ikkje vurdert etter nml. § 11.

Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg transporten godt. Store deler av kommunen har bratt terreng, og når det skal fellast mange dyr, kan lange avstanden og vanskeleg terrenget vera eit hinder for å auka fellinga i heile kommunen. Kommunen uttalar at det er spesielt ynskjeleg med auka felling i Nordfjella-området, for å testa om det er smitte på hjorten eller elgen som vert felt. Jegerane bør vera restriktive med å nyta uttransport med helikopter. Det bør berre vera dersom det er tung bør at helikoptertransport vert nyta for å frakta viltkjøtet ut av terrenget. Med tung bør meinast elg og hjort av vaksne dyr over 70 kg. Mindre dyr kan parterast i mindre deler, og berast av jegerane.

I verneområdet er det vanleg å setja vilkår om at det ikkje skal flygast på søndagar. For å redusera tal dagar med transport, og samtidig gjera transporten mest mogleg effektiv, vert det ikkje sett krav til flygedag, men at transporten skal vera samla innanfor 6 dagar. Jakta vil i stor grad føregå i helgene, og då er det mest effektivt å samla transporten til siste jaktdagen i helga. Dette har vore praksisen når transporten vart utført i regi av SNO. Det vert vidare tilrådd transport til og med 15. november. I november er det truleg kome snø i høgareliggende område, og uro frå helikoptertransporten vil kunne ha større negativ effekt på viltet. Med dei vilkåra som vert sett, vurderer forvaltar helikoptertransporten som miljøforsvarleg (jf. nml. § 12) til dette spesielle føremålet med bestandsredusjon av hjort og elg for å redusera faren for smitte av skrantesjuke.

## Konklusjon

Forvaltar vurderer løyvet til ikkje å påverka verneverdiane nemneverdig og å ikkje vere i strid med verneføremålet. Dispensasjonen gjeld for eit år, og på bakgrunn av oppmoding frå staten om å redusera bestanden av hjort og elg. Når brakkleggingsperioden er avslutta, vil det ikkje



## Nærøyfjorden verneområdestyre

---

vera grunnlag for å halda fram med utflyging av felt hjort med grunngjeving auka avskyting. På bakgrunn av vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskriftene, vurderer forvaltar at det kan gjevast dispensasjon til uttransport av felt storvilt med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Uttransport av felt hjortevilt frå Nordheimsdal er vurdert med heimel i verneforskrifta for Nordheimsdal naturreservat punkt V nr. 1.



Arkivsaksnr: 2021/2525-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 18.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	30/23	22.08.2023

## Retting - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Vassetstølen - Nedbergo - istandsetting av stølshus - 55/1

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre pålegg tiltakshavar å retta tiltaka som ikkje er i tråd med løyvet til istandsetting av stølshuset på Vassetstølen, saksprotokoll 30/21-26.04.2021. Bygget tilhører gnr. 55, bnr. 1 – Lars Nedberge. Tiltaka skal rettast innan 01.10.2024.

Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 69 første ledd. Retting av vedtaket inneber følgjande:

- Nordveggen skal ha tett kledning utan vindauge.
- Vestveggen skal berre ha eit vindauge sentrert midt på veggen, slik det var i det opphavlege bygget. Vindauga skal ha same storleik som det som var i bygget.
- Døra skal setjast tilbake i sørveggen, og vera i tråd med vedtaket i sak 30/21, 26.04.2023
- Taket skal ha same høgde som taket som er på tømmerdelen av bygget.
- Det skal sendast rapport til verneområdestyret straks rettinga er gjennomført, og innan 30.10.2024. I rapporten skal det leggjast med bilde som dokumenterer at arbeidet er utført. Det kan verta aktuelt med etterkontroll.
- Restmateriale og avfall skal transporterast ut av området straks rettinga er gjennomført, og arbeidet med istandsetting av bygget er avslutta.
- Dersom fristen for retting ikkje vert overhalde, vil verneområdestyret vurdera tvangsmulkt jf. naturmangfaldlova § 73 første ledd.

### Saksopplysningar

- Førehandsvarsle – retting av tiltak på stølshus på Vassetstølen i Nærøyfjorden landskapsvernombord, *Nærøyfjorden verneområdestyre*, 10.08.2023
- Rapport frå SNO, 09.08.2023
- Dispensasjon – Nærøyfjorden landskapsvernombord – Vassetstølen – Nedbergo – istandsetting av stølshus – 55/1, saksprotokoll 30/21 – 26.04.2021, *Nærøyfjorden verneområdestyre*
- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009



- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Nærøyfjorden verneområdestyre har gitt løyve til istandsetjing av stølshuset tilhøyrande gnr. 55, bnr. 1 på Vassetstølen, saksprotokoll 30/21 – 26.04.2021. Verneområdeforvaltinga for Nærøyfjorden landskapsvernombord fekk rapport frå SNO, 09.08.2023 (Naturopdrag.no) om at det er gjort tiltak på stølshuset som ikkje er i tråd med vilkåra i løyvet. Rapporten frå SNO viser at det er utført fylgjande tiltak som er i strid med vilkåra i løyvet:

- Opning i nordveggen til eit nytt vindauge.
- Opning for dør i vestveggen. I eksisterande bygg var døra i sørveggen.
- Heving av taket på skotet. Eit av vilkåra var at takhøgda ikkje skulle endrast.

Forvaltar tok kontakt med tiltakshavar på telefon for å varsle om at desse tiltaka var brot på vilkåra, og at tiltakshavar har plikt til å fylgja vilkåra i løyvet. Etter telefonsamtalen vart det sendt førehandsvarsel til tiltakshavar om retting av tiltaka som var i strid med vilkåra i løyvet. Nærøyfjorden verneområdestyre kan gje pålegg om retting av ulovlege forhold i verneområdet med heimel i naturmangfaldlova § 69 (retting og avbøtannde tiltak).

Tiltakshavar har sendt fylgjande svar til verneområdestyret:

Punkt 1:

*Når det kommer til vinduer missforstod eg, og trudde at eg hadde fått tillatelse til 2 nye vinduer i tillegg til de eksisterende, men at disse ikkje skulle plasseres på same vegg. Når eg tenker tilbake til 1970 tallet då eg var med far min og reparerte førebyggende arbeid på Vassete, då var det vindu på veggen med dør, men at denne vart tatt bort på grunn av at det var for mykje øydelagt. På grunn av lysforhold (dagslys) og ikkje eksisterende strøm håper eg på å få behalde vinduet. Som sagt skal vindua være tildekka med skodder når det ikkje er folk der.*

Punkt 2:

*Når det kommer til døren oppdaget eg at det er kun 168 cm mellom gulv og tak utvendig. Dagens ytterdører til hytter er 190 cm høg, derfor gikk det ikkje å ha døra på langveggen. Derfor valgte eg å flytte den. Døra er nesten lik klednaden på selet og vil knapt nokk vere synlig. I tillegg har eg fått åtvaringar fra personer som har vært på Vassete vintersdagen. På grunn av fokksnø er det umulig å ha døra på andre steder.*

Punkt 3:

*Heving av taket på skåtet. Her er det ikkje gjort noen endringer. Takvinkel er den same som den gamle. Det blir nytta samme bærekonstruksjon som den gamle med langsgående bjelker i taket som skal bære taket. Disse er på same plass som de gamle.*

*Høyde under tak utvendig er 168cm fra gulv det samme som før, høyde under tak er også den same som tidligere.*

*Det som ser ut som taket er høyere er takstolene, de gjer at det vil bli 10 til 15 cm høgare en det gamle. Taket på selet er også sup råte og må skiftas i løpet av kort tid. Da vil taket på selet og taket på skåtet være like høge.*

*For cirka 10 år sedan var selet som ein ruin og var falt ned fra grunnmurene sine. Men etter en god dugnadsinnsats fikk me selet opp att på murene sine att. Dette vart eit krevende arbeid. Derfor no når eg skal restaurere selet vil eg at det skal gjøras skikkelig. Har lite lyst*



på at selet skal rase igjen, derfor dette. Har søkt i over 20 år på å få restaurerer selet, nå har eg endelig børja på dette.

Hvert år dei siste åra har taket rasa. Måtte bruke øks og spade for å komme inn i skåtet, derfor flytta inngangsdør. Vel inne i skåtet måtte eg til å tømme skåtet for snø etter at taket kollapsa. Alt dette for å komme inn i selet.

Kan nevne at i vinter vart selet flytta 20 cm av uværet (sterk vind). Dette vil eg unngå i framtiden. Må bardunerast.

Eg prøver heile tiden og holda meg til vilkåra som er gitt for tiltaket.

Må vintersikkre selet så det ikkje raser igjen, dette vil seie: påleggning av takplater på taket og innsetting av vindu og dør. Dette kan ikkje vente, og i tillegg må selet bardunerast.

Håper på forståing hjå dere at eg har gjort det på denne måten, derfor håper eg på å få beholde det slik som det er no.

## Lovgrunnlaget

### Verneforskrifta

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c)

### Naturmangfaldlova (nml) kapittel IX. Håndheving og sanksjonar

Myndigheten eller loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven, jf. nml. § 69 første ledd. Bygging utan løyve er brot på verneforskrifta jf. rettleiaren frå Miljødirektoratet for Oppfølging av ulovlige forhold i verneområdet – M-617/2016. «For å sikre at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven blir gjennomført, kan myndigheten etter loven fatte vedtak om tvangsmulkt», jf. nml. § 73 første ledd.

Nærøyfjorden verneområdestyre har fått delegert mynde frå Miljødirektoratet til å pålegge retting og stans av ulovlege tiltak, og kan fatte vedtak om tvangsmulkt dersom tiltaket ikkje vert retta innan fristen.

### Naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

I fylgje verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c) er det opning for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*». I løyvet frå Nærøyfjorden



verneområdestyre vart det gitt løyve til istandsetting av stølshuset tilhøyrande gnr. 55, bnr. 1. Bygging i strid med vedtak og vilkår er brot på verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord. Forvalningsstyresmakta kan ved brot på verneforskrifta krevje retting av tiltak (jf. naturmangfaldlova § 69), og tvangsmulkt dersom tiltaket ikkje vert retta (jf. naturmangfaldlova § 73).

I søknaden om istandsetting, som tiltakshavar sende til Nærøyfjorden verneområdestyre i 2021, vart det søkt om fleire vindauge, men ikkje flytting av døra til vestveggen. Det vart heller ikkje søkt om å auka takhøgda på bygget. I løyvet til istandsetting av stølshuset (sak 30/21), har verneområdestyret vurdert verknaden på verneverdiane og miljørettsprinsippa nml. §§ 8-10. Det er lagt vekt på presedensverknaden ved endringar av stølshus, og at eit stølshus skal ha preg som stølshus og ikkje som hytte. Endringane som er utført har gitt endringar på fasaden på bygget. Dersom dette ikkje vert retta, vil saka gje presedensverknad for tilsvarende saker, og bygningane i stølslandskapet får endra karakter. Den samla verknaden med endringar av stølshusa sitt sær preg i stølslandskapet, kan på sikt kunne ha vesentleg verknad på verneverdiane, og vil vera i strid med verneføremålet som blant anna er å ta vare på kulturlandskap der «...stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Verneområdestyret vurderte søknaden din i sak 30/21, og gav løyve til istandsetting av stølshuset. Det vart ikkje gitt løyve til å bygge nytt skot, slik bygget no framstår etter endringane. Lysforhold og auka tal vindauga vart også vurdert. For å ta vare på den tradisjonelle byggeskikken på stølshuset, vart det vurdert at det ikkje var grunnlag for å gje løyve til meir enn eit ekstra vindauga. I saka står følgjande grunngjeving:

*«Fleire vindauge i bygget vil gje vesentleg endring av fasaden, og vil gje bygget meir hyttepreg, sjølv om lemmar for vindauga vil minke verknaden av nye vindauge. I verneområdet er landskapet med bygningsmiljø verna, og det er ikkje opning for å gje løyve til hyttebygging. Dei opphavlege teikningane viste ei ombygging som ville endra karakteren av huset frå støl til hytte. Det er positivt at grunneigar har endra planane for istandsetting til i større grad å ta vare på bygget sitt uttrykk».*

Argumenta med snø og vind, og fare for samanrasing av bygget, var ikkje med i søknaden din om istandsetting av stølshuset. Dei nye tiltaka som er gjort har ført til vesentleg endring på fasaden på stølshuset. Låge dører i stølshusa er tradisjonell byggeskikk for stølshusa, og det er med å gje særpreget til bygningane i området. Forvaltar vurderer større dør som vesentleg endring på fasaden, og meiner det difor ikkje vil vera grunnlag for å gje løyve til dette tiltaket. .

I svarbrev frå tiltakshavar vert det forklart at det er takstolane som gjer at taket på skotet har vorte høgare enn taket på tømmerdelen av bygget, og at han vil løfta taket på tømmerdelen og. Taket på tømmerdelen kan ikkje endrast utan at det er gitt løyve til dette frå verneområdestyret. Styret må vurdera om dette vil endra bygget vesentleg, og om det kan gjevast løyve til tiltaket.



**Figur 1 To bilde som viser stølshuset før istandsetting.**



**Figur 2** Bilde av stølshsuet etter tiltak er sett i gang. Bildet viser opning for vindauge i nordveggen, og heva takhøgde. Foto Kristoffer Ullern Hansen



**Figur 3** Bildet viser vestveggen med ny opning for dør og endring av opning for vindauge, og ny opning for vindauge i sørveggen. Foto Kristoffer Ullern Hansen

Slik forvaltar vurderer det, er det ingen nye opplysningar i svara frå tiltakshavar, som tilseier at det ikkje bør setjast krav om retting av tiltaka som ikkje er i samsvar med vedtaket og vilkåra. Viser til vedtak med saksframlegg i sak 30/21, 26.04.2021.

Forvaltar rår til at det vert pålagt retting av tiltaka. Kravet om å retta tiltaka vil innebera at opninga i nordveggen vert tetta med same kleding som resten av bygget, døra vert flytta tilbake til sørveggen, vindauge i vestveggen vert flytta tilbake til der det var i det gamle bygget, opning for døra i vestveggen må tettast med ytterkledning, og taket vert endra slik at



det har same takhøgde som taket på tømmerdelen. Fristen for retting bør settast slik at tiltakshavar har moglegheit for å retta tiltaka slik at dei vert i tråd med løyvet som var gitt. Det vert rádd til frist for retting innan 01.10.2024.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova, rår forvaltar til at tiltakshavar må rette tiltaka som ikkje er i tråd med vilkåra i løyvet for istandsetting av stølshuset.